

Skyldskifte

Dato 22/6-67 Arkiv nr. _____
 J. nr. 155 Ekspedert _____
 LINDÅS JORDSTYRE

D. 153

Dagbok nr.

05329

21.8.67

NORD-JORDLAND
SØRENKRIVAREMBETE

Lørdag den 17. juni 1967 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Fimnesko

gr. nr. 112 br. nr. 2 med skyld mark 0,85 i Lindås herad.

Sigrid Kårdal har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel till egedomen.¹⁾

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾ alle.

Ved tenesta møtte dei oppnemnde skylddelingsmennene.

Av partane³⁾ beljarer⁴⁾ og ^{og on annen, Sigmund Kårdal} ^{og on annen, Alf Eide}

Av grannane³⁾ ingen da det var uturvande

Til formann vart vald St. J. Risa.

Opplysningar om den/dei part/partar av egedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde ca 3,6 dekar — i alt ca 3,6 dekar.

2. Grensene⁴⁾ til den/dei fråskilde part/partar: Grensa bet til i flodområdet i merkeliwa mellom g. nr. 112 br. 2 og g. nr. 123 br. nr. 4 og fylgjer denne til x i berg (1 m. frå merkeliwa) i grensa mot g. nr. 112 br. nr. 3. Vidare fylgjer dei grenselina mot g. nr. 112 br. nr. 3 54 m til x i berg, vinkelar og går i nestleg leid til x i berg, 2 m frå flodområdet. Her frå fylgjer grensa sjøstrand

¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde egedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den..... 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

⁴⁾ Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedommen utan at eiganen er til stades og samtykkjer i det som vert skriva.

Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve mankeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitut i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den egedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).